

St.prp. nr. 62

(2005–2006)

Om samtykke til godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 12. mai 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Antarktistraktaten er av 1. desember 1959. Noreg ratifiserte traktaten 24. august 1960, og han vart sett i verk 23. juni 1961. Antarktistraktaten regulerer det internasjonale samarbeidet om Antarktis. Det gjeld eit forbod mot verksemd av militær art på Sørpolkontinentet og i havområda sør for den 60. breiddegraden og forbod mot kjernefysiske prøver og lagring av kjernefysisk avfall. Samstundes legg traktaten til rette for eit breitt internasjonalt forskningssamarbeid. Suverenitetsspørsmåla er ikkje regulerte i traktaten.

Det formaliserte samarbeidet under traktaten skjer gjennom samrådsmøte mellom samrådspartane i traktaten, som Noreg er ein av. Det er no i alt 28 statar som har status som samrådspartar, dvs. at dei har monaleg vitskapleg verksemd i Antarktis. I tillegg til desse kjem 17 statar som er partar i traktaten.

Traktaten er supplert med ein protokoll om miljøvern av 4. oktober 1991, som også Noreg er part i.

På det 26. samrådsmøtet vedtok partane i Antarktistraktaten den 20. juni 2003 samrøystes å skipa eit sekretariat i Buenos Aires for gjennomføring av traktaten. Vedtaket vart gjort ved eit såkalla *tiltak* (eng. «Measure»). Det er til no godkjent av desse fjorten statane: Argentina, Belgia, Bulgaria,

Finland, India, Japan, Kina, Nederland, New Zealand, Russland, Sambandsstatane, Sverige, Sør-Afrika og Tyskland.

Sekretariatet skal mellom anna førebu møte, omsetje dokument og vere ansvarleg for tolketenesta under møta, hjelpe til kontorteknisk og utarbeide dokument til møta og rapportar frå desse. Sekretariatet skal vidare assistere med informasjonsutveksling mellom dei ymse partane i traktaten og med relevante internasjonale organisasjonar. Sekretariatet skal også fremje arbeidet med informasjonsflyten i Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten (*Antarctic Treaty Consultative Meeting*, ATCM) og Miljøvernkomiteen (*Committee for Environmental Protection*, CEP). Likeins skal det assistere ATCM i arbeidet med å gjennomgå status for vedtekne tilrådingar og tiltak. Sekretariatet skal også stå praktisk ansvarleg for oppdateringa av «handboka» for samarbeidet innan antarktistraktatsystemet, og det skal generelt stå til teneste for ATCM.

I medhald av Antarktistraktaten artikkel IX nr. 4 vil tiltaket tre i kraft når det er godkjent av alle samrådspartane. Det vert no gjort framlegg om at Noreg godkjenner Tiltak 1 (2003) om sekretariatet. I og med at norsk deltaking i sekretariatet krev årlege økonomiske utgifter, er samtykke frå Stortinget til godkjenning av vedtaket naudsynt i medhald av Grunnlova, § 26 andre leddet.

Tiltaket frå samrådsmøtet i engelsk originalversjon og norsk omsetjing følgjer som trykt vedlegg til proposisjonen.

2 Bakgrunn

Den norske verksemda i Antarktis tok til med oppdagingsferder mot slutten av det nittande hundreåret. Nordmenn utvikla den pelagiske kvalfangsten, som var på sitt høgste i tiåra før og etter andre verdskrigen. Etter ein sterk nedgang for dei mest etterspurde kvalslaga vart denne fangsten avvikla på 1960-talet. Noreg var eit føregangsland i freistnadene på å kontrollere fangsten gjennom opprettinga av Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC). Norske oppdagarar og vitskapsmenn, i dei seinare åra også eventyrarar og sportsutøvarar, er stadig aktive i Antarktis. Det er såleis naturleg at Noreg har spela og framleis spelar ei viktig rolle i den internasjonale styringa av Antarktis.

Denne rolla kom i første halvdel av førre hundreåret til uttrykk ved at først Bouvet-øya i 1928, deretter Peter I's øy i 1931 og Dronning Maud Land i 1939, vart tekne under norsk statsvelde og gjorde til såkalla biland. Det var særleg omsynet til nettopp kvalfangstnæringa som låg bak det norske landnåmet i Antarktis. Det høyrer likevel med i biletet at dette skjedde på ei tid da fleire land var aktive og annekterte område der. Det som var det uttalte føremålet med den største norske annekseringa – av Dronning Maud Land – var ikkje å ekskludere andre statar, men å hindre diskriminering av norsk fangst i høve til den fangsten andre statar dreiv. I alt gjorde sju statar, nemleg Argentina, Australia, Chile, Frankrike, New Zealand, Noreg og Storbritannia, territoriale krav gjeldande i Antarktis.

Den norske interessa for Antarktis fekk eit naturleg uttrykk i aktivt arbeid for og oppslutning om Antarktistraktaten. Denne vart tinga fram av dei tolv landa som hadde teke aktivt del i forskingsarbeidet i Antarktis under Det internasjonale geografiske året 1957-58.

Dei norske interessene i Antarktis har auka dei siste åra. Såleis står norskregistrerte skip for ein firedel av den aukande turismen til kontinentet. Noreg er òg største fiskerinasjon i dei farvatna som vert forvalta av Kommisjonen for vern av antarktiske marine ressursar (CCAMLR). Det sterke norske engasjementet i Antarktis har òg fått uttrykk ved at det er oppretta ein heilårs norsk forskingsstasjon der, Troll-stasjonen, med tilknytt flystripe. Stasjonen vart i 2005 vitja av H.M. Dronning Sonja.

Sett på bakgrunn av den stadig tiltakande norske verksemda i Antarktis er det naturleg at Noreg held oppe ei aktiv rolle i samarbeidet under Antarktistraktaten og støttar opp om det nye sekretariatet.

3 Tingingane om sekretariatet

Antarktistraktaten krev at samrådspartane skal møtast med passande mellomrom. Slike møte vart haldne annakvart år fram til 1994. Sidan har det vore årlege møte¹. Noreg har vore vertsland for to møte, VIII ATCM i Oslo 1975 og XXII ATCM i Tromsø 1998.

Til no har sekretariatsfunksjonane gått på omgang mellom vertslanda for møta. Slik vil det vere fram til Tiltak 1 (2003) tek til å gjelde. Ordninga har fungert på eit vis, men har ført til mindre fokus på samarbeidet mellom møta og slik hemma kontinuiteten i verksemda. Ordninga har også vore svært dyr for vertslanda. Såleis kosta det 22. samrådsmøtet i Tromsø det norske vertskapet over åtte millionar kroner. Av dette beløpet gjekk om lag halvparten til tolke- og omsetjingsarbeid til dei fire obligatoriske språka i Antarktis-samarbeidet (engelsk, fransk, russisk og spansk).

Det er venta at nokre slike kostnader vil bli dekte av sekretariatet når Tiltak 1 (2003) trer i kraft.

Mot denne bakgrunnen har både Noreg og dei andre samrådspartane lenge meint at eit permanent sekretariat er naudsynt. Dette kom første gongen til uttrykk på det 17. samrådsmøtet (XVII ATCM) i Venezia i 1992. Det skulle likevel gå fleire år før partane vart samde om kvar sekretariatet skulle liggje. Det var Storbritannia som blokkerte ei konsensusløyning om å leggje det til Buenos Aires. Dette hang saman med det heller dårlege tilhøvet mellom Storbritannia og Argentina etter Falklandskrigen i 1982. Storbritannia var ope for eit alternativ til den argentinske hovudstaden. Dette synt seg likevel ikkje å vere nok til å skape framgang i tingingane. I denne fastlåste situasjonen søkte Australia på samrådsmøtet i Tromsø i 1998 å fremje Hobart på Tasmania som kompromisskandidat til stadvalet. Men møtet greidde berre å få til semje om å halde fram med lokaliseringsarbeidet.

Gjennombrøtet kom tre år seinare på det 24. samrådsmøtet (XXIV ATCM) i St. Petersburg i 2001. Storbritannia gav då opp motstanden mot Buenos Aires, som eit ledd i normaliseringa av tilhøvet til Argentina. Og på møtet i Warszawa året

¹ Med eit unntak (2000).

etter (XXV ATCM) var det konsensus om ein framgangsmåte i to steg. Det vart då gjeve grønt lys for å setje i verk førebuingar til å opprette sekretariatet, før nærare detaljar vart endeleg fastlagde i formelt vedtak. Etter uformelle møte i Buenos Aires gjorde det 26. samrådsmøtet i Madrid i 2003 (XXVI ATCM) det endelege vedtaket om oppretting av sekretariatet. Sekretariatet vart deretter etablert året etter gjennom Tiltak 1 (2003). På samrådsmøtet i Cape Town same året (XXVII ATCM 2004) vart den nederlandske diplomaten Jan Huber vald til eksekutivsekretær.

4 Nærare om dei enkelte føresegnene i Tiltak 1 (2003):

I innleiinga minner representantane på det 26. samrådsmøtet i Madrid 2003 om vedtaket på samrådsmøtet i 2001 om å opprette Antarktissekretariatet i Buenos Aires, og rår dei respektive regjeringane til å godkjenne det følgjande tiltaket i samsvar med Antarktistraktaten artikkel IX nr. 4 (om samrådsmøta):

Artikkel 1 slår fast at sekretariatet skal vere eit organ for Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten og underordna dette.

Artikkel 2 listar opp funksjonane til sekretariatet, som er å støtte, i samarbeid med vertsregjeringa, førebuinga og gjennomføringa av samrådsmøta etter Antarktistraktaten og møte i Miljøvernkomiteen, og arbeidet mellom desse møta. Mellom dei viktigaste oppgåvene er informasjonsutveksling, utarbeiding av møtedokumentasjon og referat (sluttrapport), og elles å hjelpe samrådsmøtet med å gjennomgå status for tidlegare vedtekne tilrådingar og tiltak.

Artikkel 3 handlar om leiaren for sekretariatet, eksekutivsekretæren. Framgangsmåten for valet til denne stillinga skal seinare fastsetjast av samrådsmøtet.

Artikkel 4 om budsjettet slår fast at verksemda skal drivast kostnadseffektivt, og at budsjettet skal godkjennast av alle samrådspartane. Artikkelen seier at ein halvpart av budsjettet skal innbetalast som like tilskot frå alle samrådspartane, medan den andre halvparten skal vere tilskot frå partane i høve til den nasjonale aktiviteten deira i Antarktis, samstundes som det skal takast omsyn til betalingsevna deira.

Artikkel 5 viser til at spørsmåla om rettsevna og om privilegia og immuniteten til sekretariatet er regulerte i hovudseteavtalen mellom samrådsmø-

tet og Republikken Argentina. Artikkelen slår vidare fast at sekretariatet kan utøve rettsevne slik det går fram av hovudseteavtalen berre så langt sekretariatet har fått fullmakt til det av samrådsmøtet. Etter avtalen skal argentinske styresmakter vederlagsfritt halde lokale, som skal vere ukrenkelege og ha same vilkår som andre diplomatiske stasjonar i Buenos Aires.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Av artikkel 4 går det fram at ein halvpart av budsjettet skal betalast ved like tilskot frå alle samrådspartane, medan den andre halvparten skal vere tilskot frå partane i høve til den nasjonale aktiviteten deira i Antarktis, samstundes som det skal takast omsyn til betalingsevna deira.

Noreg har lange tradisjonar i Antarktis og store interesser i området som kravshavar og innan forskning, fiskeri og turisme. Noreg har sidan starten av det internasjonale samarbeidet under Antarktistraktaten også hatt ei aktiv rolle i å utvikle og betre samarbeidet. På denne bakgrunnen er Noreg plassert i kategorien for høgste årlege tilskot, dvs. om lag USD 48 000 (med inflasjonsjustering), som tilsvorar om lag 350 000 kroner.

Det norske tilskotet til sekretariatet vart i 2004 og 2005 løyvd over budsjettet for Utanriksdepartementet (Kap. 197, Bistand til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak, Post 76, Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak). Ein tek sikte på overføre 350 000 kroner frå dette kapitlet til kap. 116, post 70 i samband med den vanlege budsjettprosessen, som er den naturlege budsjettposten nå som sekretariatet er oppretta og i drift.

Elles vil ikkje norsk deltaking i sekretariatet innebære nemnande administrative og økonomiske konsekvensar.

6 Vurdering

Den norske verksemda i Antarktis er både historisk og i dag av monaleg omfang. Noreg har òg vore blant dei mest aktive i det internasjonale samarbeidet om Sørpolkontinentet og ein pådrivar for å skipa eit permanent sekretariat som kan gje dette arbeidet større kontinuitet. Regjeringa ser det på denne bakgrunnen som naturleg å støtte opp om den sekretariatsordninga som no er vedteken.

Om samtykke til godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959

I

Stortinget samtykkjer i godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959.

Vedlegg 1

Measure 1 (2003) Secretariat of the Antarctic Treaty

The Representatives,

Recalling the Antarctic Treaty and the Protocol on Environmental Protection to the Antarctic Treaty (the Protocol);

Recognizing the need for a secretariat to assist the Antarctic Treaty Consultative Meeting (the ATCM) and the Committee for Environmental Protection (the CEP) in performing their functions;

Recalling Decision 1 (2001) of the XXIV ATCM on the establishment of the Secretariat of the Antarctic Treaty (the Secretariat) in Buenos Aires, Argentina;

Recommend to their Governments the following Measure for approval in accordance with paragraph 4 of Article IX of the Antarctic Treaty:

Article 1

Secretariat

The Secretariat shall constitute an organ of the ATCM. As such it shall be subordinated to the ATCM.

Article 2

Functions

1. The Secretariat shall perform those functions in support of the ATCM and the CEP which are entrusted to it by the ATCM.
2. Under the direction and supervision of the ATCM, the Secretariat shall, in particular:
 - a) Provide, with assistance from the host government, secretariat support for meetings held under the Antarctic Treaty and the Protocol and other meetings in conjunction with the ATCM. Secretariat support shall include:
 - i. Collation of information for ATCM / CEP meetings e.g. environmental impact assessments and management plans;

Tiltak 1 (2003) Antarktissekretariatet

Representantane,

som minner om Antarktistraktaten og protokollen om miljøvern til Antarktistraktaten (protokollen),

som erkjenner at det trengst eit sekretariat til å hjelpe Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten og Miljøvernkomiteen med å utføre funksjonane deira,

som minner om vedtak 1 (2001) på det XXIV samrådsmøtet etter Antarktistraktaten om oppretting av Antarktissekretariatet (sekretariatet) i Buenos Aires i Argentina,

tilrår regjeringane sine å godkjenne følgjande tiltak i samsvar med Antarktistraktaten artikkel IX nr. 4:

Artikkel 1

Sekretariat

Sekretariatet skal vere eit organ for Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten. Som eit slikt organ skal det vere underordna Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.

Artikkel 2

Funksjonar

1. Sekretariatet skal utføre dei funksjonane til støtte for Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten og for Miljøvernkomiteen som blir overlatt til det av Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.
2. Under leiing og tilsyn av Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten skal sekretariatet særleg:
 - a) med hjelp frå vertsregjeringa yte sekretariatstøtte i samband med møte som vert haldne etter Antarktistraktaten og protokollen og andre møte i samband med Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten. Sekretariatstøtta skal omfatte:
 - i. samanstilling av informasjon til samrådsmøte etter Antarktistraktaten og møte i Miljøvernkomiteen, til dømes miljøkonsekvensanalysar og forvaltningsplanar,

Om samtykke til godkjenning av Tiltak 1 av 20. juni 2003 om oppretting av eit sekretariat under Antarktistraktaten av 1. desember 1959

- ii. Preparatory work for and distribution of the meeting agendas and reports;
 - iii. Translation of meeting documents;
 - iv. Provision of interpretation services;
 - v. Copying, organizing and distributing meeting documents; and
 - vi. Assisting the ATCM, in drafting the meeting documents including the final report;
 - b) Support intersessional work of the ATCM and the CEP by facilitating the exchange of information, organizing meeting facilities and providing other secretariat support as directed by the ATCM;
 - c) Facilitate and coordinate communications and exchange of information amongst Parties on all exchanges required under the Antarctic Treaty and the Protocol;
 - d) Under guidance from the ATCM, provide the necessary coordination and contact with other elements of the Antarctic Treaty system and other relevant international bodies and organizations as appropriate;
 - e) Establish, maintain, develop and, as appropriate publish, databases relevant to the operation of the Antarctic Treaty and the Protocol;
 - f) Circulate amongst the Parties any other relevant information and disseminate information on activities in Antarctica;
 - g) Record, maintain and publish, as appropriate, the records of the ATCM and CEP and of other meetings convened under the Antarctic Treaty and the Protocol;
 - h) Facilitate the availability of information about the Antarctic Treaty system;
 - i) Prepare reports on its activities and present them to the ATCM;
 - j) Assist the ATCM in reviewing the status of past Recommendations and Measures adopted under Article IX of the Antarctic Treaty;
 - k) Under the guidance of the ATCM, take responsibility for maintaining and updating an Antarctic Treaty system «Handbook»; and
 - l) Perform such other functions relevant to the purposes of the Antarctic Treaty and the Protocol as may be determined by the ATCM.
- ii. førebuaende arbeid med og utsending av møtesaklister og rapportar,
 - iii. omsetjing av møtedokument,
 - iv. levering av tolketenester,
 - v. kopiering, organisering og utsending av møtedokument, og
 - vi. hjelp til Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten med å utarbeide møtedokument, mellom anna sluttrapporten,
 - b) støtte arbeidet som går føre seg mellom møta i Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten og Miljøvernkomiteen ved å leggje til rette for informasjonsutveksling, å skaffe møtelokale og å yte anna sekretariatstøtte slik Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten gjev pålegg om,
 - c) leggje til rette for og samordne meldingar og informasjonsutveksling mellom partane når det gjeld alle utvekslingar som krevst etter Antarktistraktaten og protokollen,
 - d) etter rettleiing frå Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten sørgje for naudsynt samordning og kontakt med andre element i antarktistraktatsystemet og eventuelt andre relevante internasjonale organ og organisasjonar,
 - e) opprette, halde ved like, utvikle og eventuelt offentleggjere databasar som er relevante for verkemåten til Antarktistraktaten og protokollen,
 - f) sende ut til partane eventuell annan relevant informasjon og spreie informasjon om aktivitetar i Antarktis,
 - g) føre, halde ved like og eventuelt offentleggjere møteprotokollar frå Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten, møte i Miljøvernkomiteen og andre møte som vert haldne etter Antarktistraktaten og protokollen,
 - h) gjere informasjon om Antarktistraktatsystemet lettare tilgjengeleg,
 - i) utarbeide rapportar om aktivitetane sine og leggje dei fram for Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten,
 - j) hjelpe Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten med å gjennomgå status for tidlegare tilrådingar og tiltak som er vedtekne i samsvar med artikkel IX i Antarktistraktaten,
 - k) etter rettleiing frå Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten ta ansvar for å halde ved like og ajourføre ei «handbok» om Antarktistraktatsystemet, og
 - l) utføre andre funksjonar som er relevante for føremåla med Antarktistraktaten og protokollen, slik Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten fastset.

*Article 3***Executive Secretary**

1. The Secretariat shall be headed by an Executive Secretary who shall be appointed by the ATCM from among candidates who are nationals of Consultative Parties. The procedure for the selection of the Executive Secretary shall be determined by a Decision of the ATCM.
2. The Executive Secretary shall appoint staff members essential for the carrying out of the functions of the Secretariat and engage experts as appropriate. The Executive Secretary and other staff members shall serve in accordance with the procedures, terms and conditions set out in the Staff Regulations which shall be adopted by a Decision of the ATCM.
3. During the intersessional periods the Executive Secretary shall consult in a manner to be prescribed in the Rules of Procedure.

*Article 4***Budget**

1. The Secretariat shall operate in a cost-effective manner.
2. The budget of the Secretariat shall be approved by the Representatives of all Consultative Parties present at the ATCM.
3. Each Consultative Party shall contribute to the budget of the Secretariat. One half of the budget shall be contributed equally by all Consultative Parties. The other half of the budget shall be contributed by the Consultative Parties based on the extent of their national Antarctic activities, taking into account their capacity to pay.
4. The method for calculating the scale of contributions is contained in Decision 1 (2003) and the Schedule attached to it. The ATCM may amend the proportion in which the abovementioned two criteria shall apply and the method for calculating the scale of contributions by means of a Decision.
5. Any Contracting Party may make a voluntary contribution at any time.
6. Financial Regulations shall be adopted by a Decision of the ATCM.

*Article 5***Legal capacity and privileges and immunities**

1. The legal capacity of the Secretariat as an organ of the ATCM as well as its privileges and immu-

*Artikkel 3***Eksekutivsekretær**

1. Sekretariatet skal leiest av ein eksekutivsekretær, som skal utnemnast av Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten blant eit utval av kandidatar som er borgarar av samrådspartane. Framgangsmåten for å velje eksekutivsekretær skal fastsetjast ved vedtak i Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.
2. Eksekutivsekretæren skal utnemne dei medarbeidarar som trengst for å utføre funksjonane til sekretariatet, og eventuelt engasjere sakkunnige. Eksekutivsekretæren og andre medarbeidarar skal rette seg etter framgangsmåtane og vilkåra som er fastsette i personalreglementet, som skal fastsetjast ved vedtak i Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.
3. Mellom sesjonane skal eksekutivsekretæren rådføre seg slik det vert fastsett i vedtektene.

*Artikkel 4***Budsjett**

1. Sekretariatet skal drivast på ein kostnadseffektiv måte.
2. Budsjettet for sekretariatet skal godkjennast av representantane for alle samrådspartane som er til stades på Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.
3. Kvar samrådspart skal yte tilskot til budsjettet for sekretariatet. Ein halvpart av budsjettet skal ystast som like tilskot frå alle samrådspartane. Den andre halvparten av budsjettet skal ystast som tilskot frå samrådspartane i høve til dei nasjonale aktivitetane dei driv i Antarktis, samstundes som det skal takast omsyn til betalings-evna deira.
4. Metoden for å rekne ut tilskotsskalaen går fram av vedtak 1 (2003) og av tillegget til vedtaket. Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten kan ved vedtak endre tilhøvet mellom dei to kriteria ovanfor, og metoden for å rekne ut tilskotsskalaen.
5. Kvar traktatpart kan når som helst gje eit frivillig tilskot.
6. Finansreglementet skal fastsetjast ved vedtak i Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.

*Artikkel 5***Rettsevne, privilegium og immunitet**

1. Rettsevna til sekretariatet som organ for Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten, og likeins

nities and those of the Executive Secretary and other staff members in the territory of the Argentine Republic shall be provided for in the Headquarters Agreement for the Secretariat of the Antarctic Treaty (the Headquarters Agreement) hereby adopted and annexed to this Measure, to be concluded between the ATCM and the Argentine Republic.

2. The ATCM hereby authorizes the person who holds the office of the Chair to sign the Headquarters Agreement on its behalf at the time this Measure becomes effective.
3. The Secretariat may exercise its legal capacity as provided for in Article 2 of the Headquarters Agreement only to the extent authorized by the ATCM. Within the budget approved by and in accordance with any other decision of the ATCM, the Secretariat is hereby authorized to contract, and to acquire and dispose of movable property in order to perform its functions as set out in Article 2 of this Measure.
4. The Secretariat may not acquire or dispose of immovable property or institute legal proceedings without the prior approval of the ATCM.

privilegia og immuniteten til sekretariatet og til eksekutivsekretæren og andre medarbeidarar på territoriet til Republikken Argentina, skal fastsetjast i hovudseteavtalen for Antarktiskekretariatet (hovudseteavtalen), som med dette blir vedteken og vedlagd dette tiltaket, og som skal inngåast mellom Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten og Republikken Argentina.

2. Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten gjev med dette den som har formannsvervet, fullmakt til å skrive under hovudseteavtalen på vegner av møtet idet dette tiltaket får verknad.
3. Sekretariatet kan berre utøve si rettsevne som fastsett i artikkel 2 i hovudseteavtalen så langt det har fått fullmakt til det av Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten. Innanfor budsjettet som er godkjent av Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten, og i samsvar med eventuelle andre vedtak i Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten, har sekretariatet med dette fått fullmakt til å inngå kontraktar og til å kjøpe og avhende lausøyre for å utføre funksjonane sine som fastsett i artikkel 2 i dette tiltaket.
4. Sekretariatet kan ikkje kjøpe eller avhende fast eigedom eller reise søksmål utan førehandsgodkjenning frå Samrådsmøtet etter Antarktistraktaten.

